

Miljøutfordringer innen vannsektoren – er implementering av EUs vanndirektiv løsningen?

Av Miljøvernminister Knut Arild Hareide

Innlegg på Juleseminaret 9.12. 2004

Innleiing

Eg vil først få takke for invitasjonen til å opne det tradisjonsrike Juleseminaret for vass- og avløpsbransjen, og til denne moglegheita til å snakke om miljøutfordringar innan vassforvaltninga og EUs rammedirektiv for vatn.

Vatn og utfordringane

Det seiast at gode planetar er vanskelige å finne. Heldigvis har vi funne ein god planet rik på livsviktige ressursar som vatn. Disse må vi ta godt vare på.

Vi er avhengig av vatn i alle samanhengar. Vatnet spelar ei avgjerande rolle i økonomien; det er nok kort å nemna mellom anna vasskraft, industriproduksjon, fiske og havbruk.

Vatn står sentralt i Noregs historie og kultur, og er eit viktig sosialt gode. Det store spennet i naturforhold frå sør til nord, frå hav til høgfjell og frå kyst- til innlandsstrøk, gir stor variasjon i våre vassførekomstar og i det biologiske mangfaldet. Dette er med og gir moglegheit for eit rikt og variert friluftsliv.

Levande vassdrag og reint vatn kan ikkje tas for gitt. Presset mot vatnet er aukande - òg her i Noreg.

- Vi har store utfordringar frå helse- og miljøfarlige kjemikaliar. Disse brytas sakte ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Dei kan gi uopprettelige skader. Som mennesker på toppen av næringskjeda får vi utsleppa av miljøgifter tilbake i vårt eige matfat. Det er kosthaldsråd på fisk og skaldyr i Noreg i 32 hamnar og fjordområdar. Dette skyldast at tidligare tiders utslepp av miljøgifter har ført til forureina sedimenter. I ferskvatn over heile landet er det for mye kvikksølv i stor gjedde, åbor og aure.
- Mellom anna i Østfold og på Jæren er overgjødslings eit stort problem.
- Fysiske inngrep truar det biologiske mangfaldet i vassdrag. Inngrepsfrie naturområdar i Noreg er redusert dramatisk dei siste 50 åra. Dette skyldast mellom anna vassdragsutbygging.
- Sur nedbør har ført til tusenvis av fisketomme vatn.
- I tillegg truas vassdrag av faren for at framande artar vil bli introdusert og skader det lokale økosystemet.

For økosistema og det biologiske mangfaldet er det summen av påverknader som avgjer. Dette har hittil ikkje vore tilstrekkeleg gjenspeila i norsk vassforvaltning. Den er i stor grad bygga opp omkring ulike brukarinteresser og organisert i ein rekke direktorat. Eg nemnar bare kort Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens forureiningstilsyn (SFT) og Direktoratet for naturforvaltning (DN), utan å ta ein fullstendig opprampsing. Dette gjer vassforvaltninga fragmentert og ingen av direktorata har hatt det overordna ansvaret for å sjå på korleis vatnet totalt forvaltas.

Heilskapeleg forvaltning

Vi må få ein meir heilskapeleg forvaltning av vatnet i Noreg. Alle utfordringane på vassområdet må sjåast under eit, og dei ulike kjeldane til påverknaden må vurderas samla. Vi kan ikkje lenger forvalte ein og ein kjelde isolert for seg sjølv.

Vassdrag kjenner ikkje kommune-, fylkes-, eller landegrenser. Utslepp av avløpsvatn i ei kommune og avrenning frå landbruket i ei annan kommune kan gi dårleg vasskvalitet i ei tredje kommune. Tiltak må sjåas i samanheng i heile vassdraget og vere meir nedbørstfeltorientert.

Eksempelet Vansjø

Ein av dei først sakane eg møtte som miljøvernminister i sommar var forureininga av Vansjø-Hobølvassdraget i Østfold og Akershus. Vansjø-Hobølvassdraget er sterkt overbelasta med næringssaltar og den vestre delen har kraftig algeoppblomstring med

innslag av giftige algar. Den alvorlege forureiningssituasjonen har gjort det nødvendig med kostnadskrevjande tiltak for å redusere utsleppa av næringssaltar.

Heldigvis vart Vansjø også mitt første møte med ein heilskapeleg og nedbørstfeltorientert vassforvaltning. Arbeidet har vorte leia av Morsaprosjektet som vart etablert etter eit breidt samansatt lokalt og regionalt initiativ. Eg er imponert over det gode arbeidet Morsaprosjektet har gjort og dei resultata dei har nådd takket vere mellom anna ein god samarbeidsmodell.

Heilskapeleg forvaltning både av sjø og vatn

Behovet for heilskapeleg forvaltning gjeld også på havområda våre, kor det skal utarbeidas heilskaplege forvaltningsplanar.

Den første forvaltningsplanen skal lagas for Barentshavet. Dette arbeidet er vi godt i gang med i nært samarbeid med andre involverte departement. Påverknaden frå oljeverksemda, fiskeria, skipsfarten og dei ytre påverknadene er grundig utreda slik at dei kan vurderas samla. Dette gjer at eventuelle tiltak kan settes inn der dei etter ei samla vurdering viser seg mest effektive, der kor vi får mest miljø for vår innsats.

På same vis har Regjeringa også avgjere at Noreg skal ha ei heilskapeleg forvaltning av vassdraga og kystvatnet. Det vart nylig bestemt å legge hovudansvaret for EUs rammedirektiv for vatn til Miljøverndepartementet. Dette er eit miljødirektiv – vel å merke med ei sektorovergripande

tilnærming. Gjennom direktivet får vi såleis den same tilnærminga, forvaltinga og ansvarsforholda knytt til alt vatn i Noreg, både vassdraga og dei marine områdane. Miljøverndepartementets overordna ansvaret for gjennomføringa av direktivet vil ikkje endre sektoranes ansvar etter særlovgivinga. Det er difor framleis heilt avgjerande med eit godt og tett samarbeid mellom alle etatane innan vassområdet – også med fylkesmannsembetet som vil leie arbeidet på regionalt nivå.

Europa

Vatn som tema er satt høgt på den politiske dagsordenen i heile Europa dei siste åra.

Over heile Europa har det vokse fram behov for ein meir heilsakeleg og koordinert vassforvaltning. Dette er spesielt viktig der nedbørssfelt er delt mellom fleire land, som mellom anna Rhinen og Donau. I Sør-Europa er det aukande problem med mellom anna flom, tørke og forureining av drikkevatn, mens vi i Nord-Europa har andre utfordringar. Sjølv om utfordringane varierer, gir EUs rammedirektiv for vatn eit felles system for vassforvaltning i alle medlemslanda i EU og EØS-området. Rammedirektivet har styrka samarbeidet om vasspørsmål mellom de europeiske landa. Som ein følgje av dette er det nå òg under arbeid ein europeisk marin strategi, som skal dekke dei europeiske havområda. Dermed vil også EU ha strategiar og regelverk som dekker både ferskvatn og marine områdar.

Høring

Rammedirektivet for vatn er ennå ikkje tatt inn i EØS-avtalen. Når dette skjer, må vi i løpet av kort tid gjennomføre direktivet formelt i norsk rett. Miljøverndepartementet og Statens forureiningstilsyn vil på nyåret sende ein sakshandsamingsforskrift på alminneleg, brei høring. Høringa vil også verte nytt til å gi meir generell informasjon om direktivet og den nasjonale gjennomføringa når det gjeld mellom anna karakterisering og overvaking. Det er viktig at det norske vassmiljøet engasjerer seg i denne høringa, slik at vi får eit best mogleg regelverk for gjennomføring av direktivet.

Hovudkomponenten i direktivet og det norske regelverket er målet om god vasstatus i 2015.

For å klare dette må vi vite kor vi er i dag, kor vi vil vere i 2015 og vi må ha analysert på kva slags måte vi skal nå den ønska situasjonen i 2015. Dette krev eit meir systematisk og kontinuerlig kunnskapsgrunnlag om situasjonen i norske vassdrag i dag og det krev også kontinuerleg overvaking av tilstanden i framtida.

Alle vassførekomstane skal karakteriseras, dvs. at tilstanden skal vurderas og analyseras for å sjå om målet om god vasstatus er oppfylt. Sjølv om direktivet gir føringar for korleis denne målsetting skal forståas, må det likevel presiseras og omsettes til praksis både nasjonalt, regionalt og lokalt. Dersom vatnet ikkje er i samsvar med krava til god vasskvalitet, må det vurderast kva for tiltak som må settas i verk.

Dette skal baseras på heilskapelege planar for heile vassregionen. Vassregionmyndigheita vil få eit hovudansvar i prosessen med å utarbeide slike forvaltningsplanar, dei såkalla vassregionplanane. Regionmyndigheita skal også utarbeide tiltaksprogram. Det vil verte oppretta vassregionutval med representantar frå fylkeskommunar, kommunar, statlege regionkontor og andre aktørar. Ein brei og representativ deltaking i planprosessane er viktig for å oppnå engasjementet og eigeskapet lokalt og regionalt.

Saman må vi sørge for at honnørord som heilskapeleg, samordna, effektiv og lokalt forankra vassforvaltning gis reelt innhald.

CSD

Vatn og sanitærspørsmål er også viktige globale spørsmål. Gjennom Noregs formannskap for fjarårets møte i FN's kommisjon for bærekraftig utvikling – CSD12 - vart det satt eit internasjonalt fokus på kor viktig reint vann og sanitære forhold er for berekraftig utvikling.

CSD12 viste alle hindra for framgang mot tusenårs- og Johannesburgmåla. Men ein viste òg kva vi kan og må gjere. I norsk oppfølging fram mot CSD13 er sentrale stikkord:

- å få fram eit klårt politisk bodskap om kor viktig investeringar i vatn og sanitær har for økonomisk vekst og kampen mot fattigdom;
- å sikre framgang på sanitær;
- å sikre reell framdrift mot IWRM-målet (målet om berekraftig vassressursforvaltning);

- å bygge på lokal forvaltning og sivilt samfunn; kor kvinner og jenter spiller viktige roller

Norsk vatnsenter

Skal vi lykkes i å få folk ut av fattigdommen er tilgangen til reint vatn og sikre avløp kanskje dei aller viktigaste spørsmål. Utviklingslanda må sjølv spille ein hovedrolle når del gjeld å sikre vassressursane. Vatn –tiåret viste oss at eigenskap til problema og eigen evne til å ta teknologi i bruk er avgjerande for varige resultat. Men både på rådgivingssida og på teknologisida trur eg at Noreg kan vere ein viktig medspillar.

Noreg har gode fagmiljø på alle sider ved vassforvaltning. Denne kompetansen er verdfull også internasjonalt.

Som på forvaltingssida er den norske vasskompetansen og leverandørsida for fragmentert. Den internasjonale marknaden er hard, og norske miljø blir ofte for små til å ta opp konkurransen.

Med Noregs unike posisjon når det gjeld vassressursar må eg seia eg har undra meg over at Sverige har sitt Water House og Danmark sitt Water Forum, mens vi gjennom fleire år har drøfta ulike modellar for samordning av norske vassfaglege miljø for betre å synleggjere deira kompetanse. Eg er difor glad for at det nå er tatt et initiativ for å opprette eit Norwegian Water Centre. Så langt eg har sett meg inn i den saka må eg seie eg er svært positiv. Her er eit initiativ for i auka grad å bringe norsk kompetanse inn i løysing av vassrelaterte oppgåver både knytt til utviklingslanda sine

behov og til støtte til dei nye EU-medlemane gjennom EØS-avtalen.

Det eg kan seie i dag er at Regjeringa tar sikte på ein rask handsaming av forslaget og at eg vil gjere mitt for å bidra til at det kan bli realisert.

Avslutning

Rammedirektivet byggjer på ein heilskapeleg forvaltning av vatnet. Denne systematiske tilnærminga er viktig for å nå målet om god vasskvalitet Dette

må bli meir enn tomme ord og fraser. Eg er veldig opptatt av at dette må fylles med innhald som gjer at kvaliteten i ferskvatnet og kystvatnet faktisk vert betre. Dette krev politisk vilje og ambisjonar- og det krev ein aktiv vann- og avløpsbransje. Eg ønskjer at det fokus som nå er på vassforvaltning skal gi oss alle eit løft i arbeidet vårt. Samstundes ser eg det som naturlig at dei norske fagmiljøa samlar kreftane slik at vi kan yte ein meir kraftfull innsats internasjonalt.